



Vestland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 Bergen

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/53 - 22/66628

Saksbehandlar:  
Ole Martin Bolset  
ole.martin.bolset@alver.kommune.no

Dato:  
05.09.2022

## **Detaljregulering for kollektivknutepunkt og innfartsparkering på Flatøy - Behov for tekniske teikningar**

Viser til telefonsamtale 02.09.2022.

Vi har tidlegare hatt kommunikasjon angående detaljreguleringsplan for kollektivknutepunkt og innfartsparkering på Flatøy. Det kom inn ein klage på vedtaket av denne planen som vi har forsøkt å løyse.

I januar 2022 sendte Alver kommune ut eit forslag til reguleringsendring ut på ei begrensa høyring der ein tar klagar til følgje. Ved denne høyringa sendte Statens vegvesen ein merknad. Merknaden ligg vedlagt.

Statens vegvesen skriv at dei ikkje har nok grunnlag for å kunne vurdere om framlegget til endra løysing vil vere utfordrande å gjennomføre reint anleggsteknisk. Det ein treng for å kunne vurdere dette er tekniske teikningar på den nye løysinga.

No er Statens vegvesen omtrent klare for å starte opp byggetrinn 1 på Flatøy. Dei ønskjer derimot at klagen skal vere avklart før dei set i gang.

Alver kommune ser det som Vestland fylkeskommune sitt ansvar, som planeigar, å komme med tilstrekkeleg dokumentasjon, slik at planendringa er godt nok informert for Statens vegvesen til å ta ei endeleg vurdering.

Vi ber dykk om å utarbeide dei naudsynte tekniske teikningane for dette, so raskt som mogleg.

Vi ber om ei tilbakemelding på når ein kan forvente at desse teikningane er klare.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Ole Martin Bolset

Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Uttale til avgrensa høyring - Mindre planendring etter forenkla prosess jf. Pbl.§ 12-14.  
Kollektivknutepunkt og innfartsparkering på Flatøy.

**Kopi til:**

Ståle Furnes

**Mottakarar:**

Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

Bergen